

# Innleiing

Jens Johan Hyvik, Oddmund L. Hoel og Harald Krøvel

Målet med denne boka har vore å dyrke perspektivet *nedanfrå*, i sosial og geografisk forstand. I kva grad deltok allmugen i 1814? Var folket aktive aktørar i 1814, eller bidrog dei med «påhalden penn», som er omgrepet som blir nytta om nokon som skriv under for andre? Og korleis prega dei politiske hendingane gjennom dette året periferien, områda utanfor det sentrale Austlandet, og vice versa?

Eit lokalt og regionalt perspektiv ligg altså til grunn for boka, men vi ønskjer også gjennom komparasjon å sjå nærare på skilnader og likskapar mellom to geografisk skilde område i det sørlege Noreg. Resultata av arbeidet med boka er etter vår meining ikkje berre lokalthistorisk interessant, men kan òg bidra til den nasjonale forståinga av 1814.

Denne innleiinga vil fyrst seie noko meir om temaet for boka og dei spørsmåla som var opphavet til prosjektet. Vidare gjer ho greie for kjeldgrunnlaget for boka på eit generelt plan – for detaljar viser vi til kvar einskild artikkel. Innleiinga gjev òg ei innføring i den storpolitiske bakgrunnen for 1814, hendingane gjennom året 1814 og ei etter måten detaljert utgreiing om dei sentrale føresegnene for korleis vala til riksforsamlinga skulle gå føre seg. I siste delen av innleiinga samanfattar vi dei viktigaste resultata frå arbeidet med artiklane gjennom eit komparativt blikk på dei tre fylka.

## Politiske kulturar i geografiske og sosiale rom

Denne boka er òg eit bidrag til forståinga av politisk kultur i Noreg i og omkring 1814. Politisk kultur er eit vidt omgrep, som har blitt definert som «all accepted ideas, institutions, commonly shared values and normal practices relevant to the exercise of power and the maintenance of order in society».<sup>1</sup> Studiet av politisk kultur har vore eit felt i vekst dei

1. Ihalainen mfl. 2011: xviii.

seinare åra, også innanfor ein nordisk og norsk kontekst,<sup>2</sup> og merksemda har også blitt retta mot bøndene si deltaking i politiske prosessar.<sup>3</sup>

Å nærme seg hendingane i 1814 med utgangspunkt i omgrepet politisk kultur vil seie at ein forstår handlingane til enkeltaktørar og grupper av aktørar som uttrykk for eit univers av institusjonar, normer, vurderingar, symbol og praksisar.<sup>4</sup> Den politiske kulturen avgrensa handlingsrommet til aktørane, samstundes som kulturen endra seg over tid på ein dynamisk måte.<sup>5</sup> Nye handlingsrom opna seg, medan andre vart lukka.

Studiar av politisk kultur i Noreg på byrjinga av 1800-talet inneber også å relatere seg til mangfald og variasjon. Eigenskapar ved politiske kulturar varierte både langs ein geografisk og ein sosial akse. Politiske kulturar kan dessutan analyserast på ulike nivå, i vårt tilfelle frå statsnivået til det einskilde bygdesamfunnet. Tyngda av dei eineveldige strukturane definerte eit stykke på veg den politiske kulturen innanfor lokalsamfunna. Banda mellom dei ulike nivåa var likevel ikkje tettare enn at variasjonar i forhold som geografi, næringsgrunnlag og sosial struktur opna for eit romleg mønster av politiske kulturar med ulike særdrag. Gjennom ei komparativ tilnærming vonar vi å identifisere og analysere sentrale trekk ved dette mønsteret innanfor våre undersøkingsområde.

Telemark, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane ligg geografisk åtskilt, men har interessante fellestrekk i eit komparativt perspektiv. Delar av dei tre fylka utgjer kjerneområde i 'fjell- og fjordregionen', som sist på 1800-talet var prega av ei sterk frilyndt ungdomsrørsle, dominans av partiet Venstre, målsak og republikanisme i 1905.<sup>6</sup> Ein har dessutan studiar som har dokumentert lokale lærdomskulturar med utbreidd lese- og skrivekunne i fleire lokalsamfunn både i Telemark og på Nordvestlandet attover til midten av 1700-talet.<sup>7</sup> Samstundes er det viktige skilnader mellom dei to fylka. Geografisk har dei ulik tilknytning, Telemark er ein del av Sørøstlandet, medan dei to andre fylka ligg nord på Vestlandet. Næringsgrunnlaget og den sosiale strukturen var også forskjellig. I Møre og Romsdal og Telemark finn vi både byar og rurale område, medan Sogn og Fjordane ikkje hadde bysentra. Særleg i Telemark eksis-

2. Ihalainen mfl. 2011, Sandvik 2010.

3. T.d. Hommerstad 2012.

4. Hommerstad 2012.

5. Sennfelt 2001: 18.

6. Jf. Øidne 1957: 97–114, og Rokkan 1987: 111–205.

7. Fet 1995.

terte det ein økonomisk og sosial elite omkring handelsnæringane som vi i liten grad finn på Nordvestlandet.

### Prosjektet

Då vi sette i gang prosjektet, hadde vi store ambisjonar om å finne ut meir om kva som hende på lokalt og regionalt nivå i 1814, korleis og kvifor. Vi blinka også ut nokre felt vi ønskte å ta særleg for oss i dei områda vi studerte. Mellom anna skulle val og politisk tenking på lokalt og regionalt nivå i 1814 stå sentralt. Særleg ønskte vi å sjå nærare på valmennene, dei som blei valde frå prestegjelda sine for å møte på amtsforsamlingane der det skulle veljast representantar til riksforsamlinga våren 1814 og det overordentlege (ekstraordinære) Stortinget hausten 1814. Også adresser, fullmakter og eventuelt anna materiale som kan fortelje om politisk og konstitusjonell tenking lokalt i 1814, ville vi gjere nærare analysar av, og vi ville ta for oss sentrale aktørar og gjere lokale djupdykk. Frå det lokale og regionale nivået ønskte vi også å trekkje linjer til det nasjonale.

Somme av studiefelta vi blinka ut innleiingsvis, veit vi no mykje om. Det gjeld ikkje minst vala, valmennene, prosessane og politisk og konstitusjonell tenking lokalt og hjå enkelte aktørar i den grad kjeldematerialet fortel oss om dette. Likevel har arbeidet med artiklane i denne boka også gjort det klart for oss at vi ofte støyter på problem med svakt og manglande kjeldemateriale (noko som for så vidt ikkje er overraskande). Særleg gjeld dette dei heilt lokale prosessane og hendingane, noko som ikkje minst gjer det krevjande å få grep om kva politiske haldningar som fanst hjå allmugen.

### Litteratur og kjelder

Litteraturen om 1814 sett frå eit lokalt nivå er mangelfull. Noko vil ein finne i nasjonale verk, ikkje minst omtalar av ein del sentrale aktørar som var frå områda denne boka tar for seg. Særleg nemnast bør arbeida til Yngvar Nielsen, Tycho Jæger og Arne Bergsgård med utgangspunkt i adressene og fullmaktene i 1814.<sup>8</sup> Nasjonalt er det også utvikla ein database: *1814-bibliografi: Litteratur frå og om 1812–14*, der det også er med

8. Nielsen 1915. Jæger 1915, Bergsgård 1943–46.

ein del lokalhistorisk litteratur.<sup>9</sup> Eit større arbeid med registrering av lokal- og regionalhistorisk litteratur om 1814 i regi av Norsk lokalhistorisk institutt er i ferd med å bli slutført når dette blir skrive, men dette arbeidet viser det same som vår eigen gjennomgang av litteraturen har vist, nemleg at det ikkje er all verda å hente i tidlegare framstillingar for områda denne studien tar føre seg, eit inntrykk som også gjeld meir generelt.<sup>10</sup> Når det er sagt, er det viktig å seie at for artiklane i denne boka har den lokal- og regionalhistoriske litteraturen vore ei viktig kjelde til informasjon, og ei rekkje slike verk er refererte nærare til i artiklane.<sup>11</sup> Somme større arbeid om 1814 på lokalplan utanfor våre fylke finst òg – særleg må nemnast masteroppgåva til Hanne F. Vandraas om Nordland og den nye boka til Tore Pryser om Oppland.<sup>12</sup>

Mange av artiklane i denne boka byggjer på eit krevjande og spinkelt kjeldegrunnlag, men det er òg store variasjonar. I den eine enden av skalaen står representantar for byborgarskapet i Telemark som var i sentrum for dei store politiske hendingane i 1814 og har etterlate seg fyldige privatarkiv. I den andre enden finn ein prestegjeld utover på bygdene der alle aktørar bortsett frå soknepresten er tause. Dei viktigaste kjeldene er dei fleste stader adressene frå valmannsvala og distriktsforsamlingane. Adressene vart prenta alt i 1814, men det er band 2 i hundreårsutgåva frå 1914, *Riksforsamlingens forhandlinger. Adresser og fuldmagter*, som er standardverket. Riksarkivet har òg skanna og publisert dei originale adressene.<sup>13</sup>

Listene over valmenn og underskrivarar fortel kven som deltok, og fleire artiklar har gått biografiane til valmennene etter i saumane ved hjelp av bygdebøker og andre personalhistoriske kjelder. Eit viktig supplement har vore dei digitaliserte listene over sylvskatten i 1816 for å

9. Nasjonalbiblioteket. *1814-bibliografi: Litteratur frå og om 1812–14*. <http://www.nb.no/bibliografi/1814/search.jsf>.

10. Myhre 2013. Bibliografien over lokahistorisk litteratur finn ein her: [http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Forside:1814\\_sett\\_nedenfra](http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Forside:1814_sett_nedenfra).

11. Av større arbeid frå våre tre fylke skal særleg eitt nemnast – Gunnar Bolstads interessante masteroppgåve «*der blev dygtig politiseret ...*» *Politisk kulturdannelse i Øvre Telemark rundt 1814*, som ser på sentrale bondepolitikarar frå Telemark i åra kring 1814.

12. Vandraas 2008 og Pryser 2013.

13. Riksarkivet. Arkivverket. Fullmakter frå valgene <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Tema/1814/Fullmakter-fra-valgene>. [Tilgang november 2013]



plassere aktørane økonomisk og sosialt i bygdesamfunnet,<sup>14</sup> og folketelj- inga frå 1801.

Andre kjelder som kan seie noko direkte om hendingane i 1814 og som er utnytta i artiklane, er kyrkjebøkene til sokneprestane og i nokon mon tingbøker og embetsarkiv. Mellom anna har Mads Langnes i sin artikkel følgd korrespondansen gjennom embetsverket, noko som ikkje minst kastar eit interessant lys over tempoet i informasjonsspreiinga. Samtidige aviser og tidsskrift er utnytta i den grad dei seier noko.

Den skrøpelege kjeldesituasjonen i mange prestegjeld er nok ei av forklaringane på at det er skrive såpass lite om 1814 på lokalplan. Eit metodisk føremål med denne antologien er rett og slett å sjå kor mykje kunnskap og innsikt vi kan få ut av det sparsame kjeldetilfanget som finst gjennom å granske tre amt, fleire byar og mange tital prestegjeld parallelt. Sjølv om forfattarane er gjevne eit stort rom for variasjonar seg imellom, har samarbeidet om denne boka ført til at mange av forfatta- rane har vorte inspirerte og nærma seg kvarandre både når det gjeld kva kjeldetilfang som er utnytta, og korleis det er utnytta.

Ein viktig føresetnad for mange av artiklane er elles den store tilveks- ten i den lokalthistoriske litteraturen dei siste tiåra. Det finst i dag ei lang rekkje busetnadssoger, allmennsoger og spesialartiklar som har vore svært nyttige når det gjeld å nærme seg lokale nettverk, aktørar og politiske prosessar.

Prinsippet for antologien er elles at kvar artikkel gjer fullnøyande greie for sitt eige kjelde- og litteraturgrunnlag. Ut over det som er sagt her, viser vi derfor til notane og kjelde- og litteraturlistene i artiklane.

### **Den storpolitiske bakgrunnen for 1814**

Det norske opprøret i 1814 var eit resultat av revolusjons- og napoleons- krigane som herja det europeiske kontinentet på slutten av 1700- og byrj- inga av 1800-tallet.<sup>15</sup> Den dansk-norske staten klarte lenge å halde seg utanfor krigen, og styresmaktene insisterte overfor stormaktene på statens

14. Riksarkivet. Arkivverket. Digitalarkivet. Sølvskatten 1816. <http://arkivverket.no/arkivver- ket/Digitalarkivet/Om-Digitalarkivet/Om-kjeldene/Soelvs-katten-1816>. [Tilgang november 2013]

15. Denne og neste del byggjer i hovudsak på Steen 1951, Mykland 1978, Dyrvik 2005 og Stråth 2005.

uavhengigheit. Lenge kunne Danmark-Noreg også hauste økonomiske fordelar av nøytraliteten og plasseringa i periferien av det europeiske kontinentet. Slaget på Reden i 1801 var likevel eit forvarsel om det som skulle kome. Europa blei eit stadig meir delt – eller samla – kontinent, alt etter kva auge som såg. I 1805 og 1806 knuste Napoleon austerriske, russiske og prøyssiske armear i slaga ved Austerlitz og Jena, og i 1806 vart fastlandssperringa offisielt proklamert. Storbritannia skulle avskjerast i handelen sin på det europeiske fastlandet, noko ein frå fransk side vona ville tvinge britane i kne. Faren var overhengande for at Russland skulle gje opp kampen, og etter freden i Tilsit mellom Frankrike og Russland stod Storbritannia igjen som den siste stormakta som kjempa mot Napoleon. Berre verna av havet og marinen kunne dei halde fram kampen. Rett før freden i Tilsit vart endeleg kjend i London, bestemte britiske styresmakter, av frykt for at Napoleon skulle få kontroll over den dansk-norske flåten, å ta saka i eigne hender. Eit massivt militært angrep på København blei sett i gang, det såkalla flåteranet i 1807. Fredrik 6. hadde ikkje lenger noko anna val enn å slutte seg til Napoleon.

Vi skal ikkje ta opp igjen heile krigshistoria her, men eit par punkt er det viktig å merke seg. Krigen førte til britisk blokade av Noreg, som igjen resulterte i svekka kommunikasjonar mellom statsdelane. Styresmaktene i København oppretta derfor ein norsk regjeringskommisjon med sete i Kristiania for å ta seg av norske forhold. Våren 1808 kom også krigen med Sverige, Storbritannias siste allierte i det nordlege Europa. Etter tapet av Finland skjedde eit statskupp i Sverige i 1809. Gustav 4. Adolf mista makta, og onkelen hans blei konge med namnet Karl 13. Hausten 1809 blei det fred i Norden. Også forholdet mellom Danmark-Noreg og Storbritannia mildna, og dei neste åra vart lisensfarten si tid. Lisensfarten opna for handel med Storbritannia, noko som var avgjerande både for norsk næringsliv og forsyningssituasjonen i landet. Men tøvêret var berre mellombels. Den nye svenske kongen var gamal og barnlaus, og for å sikre arvefølgja måtte ein velje en kronprins. Kristian August, som hadde vore øvstkommanderande i Sør-Noreg og leiar av den norske regjeringskommisjonen, vart først vald i 1809, men han døydde brått kort tid etter han kom til Sverige ved årsskiftet. Deretter blei den franske marskalken Jean Baptiste Bernadotte i 1810 vald til svensk kronprins med namnet Karl Johan.

I Sverige hadde mange håpa at Karl Johan ville vinne tilbake Finland, men kronprinsen utvikla i staden ein politikk der målet var å erobre

Noreg. Karl Johan meinte at å erobre Finland berre ville føre til ny ustabilitet og varig konflikt med Russland medan ein fellesskap med Noreg hadde naturgjevne føremoner og ville gje militær tryggleik. I 1812 slutta Karl Johan seg til alliansen mot Napoleon, mot lovnad om å få Noreg som løn for innsatsen. Same året stogga lisensfarten.

Etter det mislykka felttoget mot Russland i 1812 var Napoleon monaleg svekka. Det gjekk føre seg eit diplomatisk spel om Fredrik 6. skulle slutte seg til dei allierte maktene, men resultatet var at Danmark-Noreg blei verande ved Napoleons side. Framtida til den dansk-norske staten låg no i hendene til Napoleon og var bunden til lagnaden hans. «Folkeslaget» ved Leipzig hausten 1813 avgjorde på mange vis saka. Napoleon flykta mot Paris med restane av militærmakta si, og Karl Johan, som hadde delteke ved Leipzig, marsjerte mot Holstein med styrkane som stod under hans kommando. Der vart Fredrik 6. stilt i ein håplaus situasjon. Resultatet kjenner vi som Kielfreden, der Fredrik 6. den 14. januar 1814 avstod Noreg til den svenske kongen.

### Opprøret mot Kielfreden

Våren 1813 bestemte Fredrik 6. under det aukande presset mot den dansk-norske staten å sende sin fetter og rikets kronprins Kristian Fredrik til Noreg som statthaldar. I mai 1813 steig den 27 år gamle prinsen i land på Hvaler etter å ha blitt frakta over Kattogat i ein fiskebåt: «Som en eventyrprins forkledd som matros holdt han sitt inntog i Norge og i norsk historie: ung, vakker og sjarmerende, med evne til å seire og beseire, ikke bare i ballsalen», skriv historikaren Knut Mykland.<sup>16</sup>

Gjennom året som kom, skulle Kristian Fredrik ha fleire roller, først som kongens statthaldar fram til januar 1814, deretter som regent og leiar av det norske opprøret mot Kielfreden, og frå mai til han drog frå Noreg i oktober, var han norsk konge. Han gjekk til arbeidet med stor verkelyst. Med ei blanding av å kome norske interesser, krav og støttespeararar i møte og å bevare kontroll og initiativ på egne hender, tok han over styringa av Noreg.

I første omgang knytte prinsen kontakt med leiande personar og grupper i Noreg. Han gjorde mellom anna ei lengre reise på Sørøstlan-

16. Mykland 1978: 260.



det. Som statthaldar var han avvisande til å føre ei aktiv militær linje overfor Sverige, og han stilte seg i førarsetet for å opprette ei norsk låne- og diskontokasse. Initiativa skulle kome til nytte etter at han 24. januar 1814 fekk melding om freden i Kiel og at Noreg var avstått til Sverige. Det var ei utvikling Kristian Fredrik hadde vore førebudd på ei stund ut frå meldingane han hadde fått. I eit brev til Fredrik 6. juledagen 1813 hadde han også spurt om han skulle stille seg i førarsetet for ei reising om Noreg blei

avstått. I vekene etter 24. januar førte prinsen eit dobbeltspel overfor svenskane som venta på at han skulle overgje styringa av landet til dei, samstundes som han også var uklar i signala ut til den norske befolkninga. I første omgang melde bladet *Tiden* 25. januar at det var blitt fred i Norden, medan avståinga til Sverige ikkje vart kommentert. Rykta om innhaldet i Kielfreden byrja likevel snart å gå. På Nes Verk blei Jacob Aall orientert av ein venn om avståinga av Noreg berre nokre timar etter at han først med «ubeskrivelig Glede» hadde lese meldinga i *Tiden*.<sup>17</sup>

Karl Johans lokalisering på kontinentet saman med dei svenske hovudstyrkane gav Kristian Fredrik handlingsrom. Saman med lojale embetsmenn førebudde han sjølvstendekampen og søkte støtte for opprøret i norske krinsar. I månadsskiftet januar–februar reiste han til Trondheim for å lodde og påverke stemninga der. Rykta gjekk også om at han hadde tenkt å la seg utrope til konge i Nidarosdomen. Reisa la han opp slik at han dekte eit størst mogleg område, opp Gudbrandsdalen og ned Østerdalen. Undervegs nytta han høvet til å få folket i tale, og han skreiv i dagboka 1. februar: «Overalt hvor det bød seg en anledning, talte jeg til folk; jeg forsikret dem at jeg ikke vil gå fra dem, at Norge både kunne og skulle klare seg ved sine sønners taperhet; kort sagt: jeg fikk dem i fyr og flamme overalt. På lignende vis talte jeg for Trondhjems-troppene.»<sup>18</sup>


I midten av februar var prinsen tilbake på Eidsvoll der han samla ei gruppe leiande norske embetsmenn, offiserar og borgarar for å sikre støtte til opprøret. Dette er kjent som stormannsmøtet eller notabelmøtet 16. februar. Forsamlinga slutta seg til opprøret, men prinsen måtte gje opp planen om å la seg utrope til konge med støtte i arveretten til trona, ein tanke han hadde sysla med sidan meldinga om avståinga kom. Mest kjend for å ha tala mot prinsens arveplanar er professor Georg Sverdrup, som sa: «Ingen har mere Ret nu til den norske Krone end jeg eller hver en anden Normand; den er nu hjemfalden til det norske Folk.»<sup>19</sup> Det vart avgjort å kalle inn ei riksforsamling som skulle gje landet ei forfatning. Kravet om ei riksforsamling hadde Kristian Fredrik også møtt på trondheimsreisa. Det låg likevel i korta at riksforsamlinga også skulle velje Kristian Fredrik til konge. Sverdrups argument om at «det er av folkets hånd De skal ta imot

17. Hyvik 2003: 181–182.

18. Christian Frederik 1954: 26–27.

19. Etter Dyrvik 2005: 48.





en krone som er desto skjønnere som det er folkets kjærlighet som skjenker den», fenga nok også prinsen som refererte samtalen i dagboka.<sup>20</sup> Med avgjerdene på stormannsmøtet vart folkesuverenitetsprinsippet gjort gjeldande som basis for det norske opprøret mot Kielfreden: Når Fredrik 6. hadde sagt frå seg trona, fall makta til å velje sine politiske leiarar tilbake i hendene til det norske folk.

Etter stormannsmøtet sende Kristian Fredrik ut fleire proklamasjonar der han mellom anna utropte seg til regent og kalla inn til riksforsamlinga. Fram til då hadde det herska ei viss usikkerheit om kva for linje som skulle følgjast, og somme hadde også ytra skepsis til norsk sjølvstende og ønskte heller å finne ei løysning med svenskane. Etter stor-

20. Chriatian Frederik 1954: 44–45.

mannsmøtet på Eidsvoll og kunngjeringane som var daterte 19. februar, vart tvilen rydda av vegen – no eksisterte det eit vegkart for den vidare prosessen – og motstandarane av prinsens linje heldt deretter ein låg profil fram til riksforsamlinga. 2. mars utpeika Kristian Fredrik eit statsråd, men statsrådene fekk ikkje stort handlingsrom, og regenten heldt i hovudsak makta i egne hender.

Mange av artiklane i denne boka dreiar seg om det som hende på lokalplan etter at kunngjeringane 19. februar vart kjende. Vi skal snart kome meir tilbake til kunngjeringane 19. februar og prosessen omkring vala. Den 10. april møtte 112 representantar på Eidsvoll, slik Kristian Fredrik hadde føreskrive i kunngjeringane 19. februar. Av desse var 54 valde frå amta og 25 frå kjøpstadene, medan 33 var militære representantar frå hær og flåte. I Nord-Noreg vart det halde bededag, men ingen representantar møtte på Eidsvoll på grunn av dei lange avstandane.

To tema prega riksforsamlinga. Det første var om ein skulle gå for sjølvstende eller søkje eit nytt unionssamband med Sverige. Det andre var arbeidet med Grunnlova. Med omsyn til det første spørsmålet viste det seg ganske snart at tilhengjarane av sjølvstende hadde eit klart fleirtal i forsamlinga. Med omsyn til det andre blei ein konstitusjonskomité med 15 medlemmer sett ned for å lage eit utkast til ei grunnlov. Komiteen la fram eit forslag som vart diskutert vidare og vedteke i riksforsamlinga. Grunnlova vart datert 17. mai 1814, same dagen som riksforsamlinga også valde Kristian Fredrik til norsk konge.

Medan dette skjedde i Noreg, var nettet utanfor riksgrensene i ferd med å snøre seg saman. Presset auka på Fredrik 6., som i løyndom hadde støtta Kristian Fredriks planar, men som offisielt syntest å etterleve Kieltraktaten. Den 21. mars sende kongen eit brev til Kristian Fredrik der han åtvare om at den norske reisinga ville vere resultatlaus på grunn av stormaktene sin motstand. Brevet nådde regenten 1. april, rett før riksforsamlinga tok til. Den 11. mai vart Fredrik 6. tvinga til å forby all handel og alt samkvem med Noreg. Kristian Fredriks forsøk på å få støtte til opprøret i England førte ikkje fram, og stormaktene stod fast på lovnadene til Sverige. Ein britisk utsending gav i byrjinga av juni Kristian Fredrik beskjed om at han ikkje kunne rekne med britisk støtte. I månadskiftet juni–juli kom fire stormaktskommisærar til Kristiania, dei hadde som oppgåve å sjå til at Kielfreden blei gjennomført. Karl Johan hadde kome tilbake til Sverige 28. mai og kunne vie seg fullt ut til noregsspørsmålet.

I denne situasjonen forsto Kristian Fredrik at kampen for hans egen posisjon var tapt, og i forhandlingane som gjekk føre seg i juli, gjorde kongen det klart at han ikkje ville stille seg i vegen for ei fredsløysing, men abdisere. Forhandlingane stranda likevel på kravet om at nordmennene skulle gje opp grensefestningane, og på Karl Johans motstand mot å anerkjenne Eidsvollsgrunnlova. Krigshandlingane tok til 26. juli. Til all lykke blei krigen, som var kjenneteikna av svensk framgang og norske tilbaketrekkingar, kortvarig. I byrjinga av august sende Karl Johan ut fredsfølarar der han godtok Eidsvollsgrunnlova. Villkåra for våpenstillstand blei godtekne på norsk side, og 14. august blei Mossekonvensjonen underteikna. Årsaka til den raske fredsslutninga hadde å gjere med at korkje Karl Johan eller Kristian Fredrik eigentleg ønskte ein lang og blodig krig. For Kristian Fredrik var kampen på mange måtar alt tapt, for Karl Johan var det lite attraktivt å kome til Noreg som brutal erobrar.

Mossekonvensjonen slo fast at eit ekstraordinært Storting skulle bli kalla saman for å fullføre unionen med Sverige og foreta dei naudsynte endringane i Grunnlova. Kristian Fredrik skulle abdisere for Stortinget og deretter dra frå landet, men dette skulle haldast hemmeleg fram til Stortinget var møtt. Ein hemmeleg artikkel sa også at kongen i praksis straks skulle overlate styret til statsrådet. Den 7. oktober møtte 79 representantar til det ekstraordinære Stortinget i Kristiania. Forsamlinga var sterkt embetsmannsdominert. 50 av dei som møtte, var embetsmenn, 10 var frå borgarskapet, og 19 var bønder. Berre 19 av representantane hadde også møtt ved riksforsamlinga på våren. Den 10. oktober sa Kristian Fredrik frå seg den norske trona, og 28. oktober forlét han norsk jord.

Det ekstraordinære Stortinget var prega av dragkamp mellom Stortinget og dei svenske utsendingane som skulle sjå til at revisjonen av Grunnlova gjekk i orden. I bakgrunnen truga krigshandlingar dersom ein ikkje vart samd før våpenstillstanden frå august opphøyrd. Den 20. oktober vedtok Stortinget at Noreg skulle gå inn i union med Sverige på visse villkår, men at kongevalet skulle utsetjast. I prosessen med grunnlovsrevisjonen klarte Stortinget i å sikre viktige norske interesser gjennom å få på plass sperrer mot samrøre mellom dei to rika og ei viss svekking av kongemakta i høve til Eidsvollsgrunnlova. På den andre sida skulle det bli utnemnt ein statthaldar, som mellom anna skulle leie regjeringa sitt arbeid i Kristiania. 4. november var grunnlovsarbeidet slutført,



og same dagen blei Karl 13. vald til norsk konge. I denne boka er det artikkelen til Herleik Baklid som grundigast går inn på vala til det ekstraordinære Stortinget.

Før Stortinget vart oppløyst 26. november, vart den svenske greven Hans Henrik von Essen utnemnd til statthaldar i Noreg. I tida som kom, vart det etablert eit styringsapparat i den nye hovudstaden. Riksforsamlinga og det ekstraordinære Stortinget hadde etterlate ei rekkje spørsmål, og fleire saker var utsette til seinare handsaming. Det ekstraordinære Stortinget hadde bestemt at eit nytt Storting skulle tre saman alt i juli 1815, og 30. november sende regjeringa ut ei kunngjering om å halde val. Somme stader skjedde vala alt i desember 1814, men dei fleste stader vart dei haldne på vinteren og vårparten 1815.<sup>21</sup>

### Retningslinjene for vala til riksforsamlinga

Dersom Kristian Fredrik hadde fått støtte til å gjennomføre planen sin om å la seg utrope til konge på stormannsmøtet på Eidsvoll 16. februar, ville skipinga av ein sjølvstendig norsk stat i 1814 vore eit reint eliteprosjekt. Allmugen ville i så fall berre ha halde fram med å spele ei politisk statistrolle, etter alt å dømme i eit vidareført eineveldig system. Som vi alt har sett, skulle det likevel ikkje gå slik. Gjennom 1814 vart allmugen i alle prestegjeld i landet formelt og direkte involvert i dei storpolitiske hendingane i to etappar. Den fyrste var avgjerda på stormannsmøtet om å kalle inn til ei grunnlovsgjevande forsamling. Den andre var ordninga i den nye konstitusjonen som gav om lag 45 prosent av alle vaksne menn røysterett,<sup>22</sup> ein røysterett dei fekk bruk for alt sommaren 1814 då det skulle veljast representantar til det ekstraordinære Stortinget. Det neste valet byrja alt kring årsskiftet 1814/15, nemleg valet til det fyrste ordinære Stortinget. På mindre enn eit år vart allmugen altså involvert i heile tre nasjonale val.

Omdreiingspunktet for denne boka er kva som hende i allmugen sitt møte med dei store rikspolitiske hendingane. Her står vala til riksforsamlinga våren 1814 heilt sentralt. Mange av artikkane dreiar seg om gjennomføringa av bededagane og valmannsvala i prestegjelda og om amtsforsamlingane som valde utsendingane til riksforsamlinga. I det følgjande

21. Lindstøl 1914: 29–36.

22. Kuhnle 1972. Andre opererer med lågare tal, sjå t.d. Dyrvik 2005: 88.

skal vi gje eit oversyn over retningslinjene som gjekk ut om korleis dette skulle gjennomførast.

Etter stormannsmøtet på Eidsvoll 16. februar sende regent Kristian Fredrik den 19. februar ut seks rundskriv som slo fast kva som vidare skulle skje. Desse skriva var det einaste dei lokale embetsmennene hadde å halde seg til når allmugen skulle informerast og vala til riksforsamlinga gjennomførast. Kristian Fredriks regentskap i Kristiania sytte for at skriva vart prenta av Jacob Lehman og sende ut gjennom dei sivile, geistlege og militære embetsverka.<sup>23</sup> Dei vart òg prenta i fleire samtidige aviser.<sup>24</sup> Fleire av artiklane i boka kjem inn på korleis rundskriva og nyhenda vart spreidde utover i landet.

Ein månad tidlegare, den 18. januar, hadde kong Fredrik 6. sendt ut sitt opne brev om resultatane av Kjølfreden fire dagar før. Kongen gjorde det klart at han på vegner av seg sjølv og sine etterkomarar hadde fråsaugt seg retten til den norske krona, «til Fordeel for Hans Majestæt Kongen af Sverrig og Hans Efterfølgere til Sveriges Trone og Kongerige». Dette galdt «alle Vore Rettigheder og Adkomster til bemeldte Kongerige Norge». Han løyste alle norske innbyggjarar frå «den Hyldnings- og Troeskabs-Eed» dei hadde avlagt til kongen, og oppmoda nordmennene «med Orden og Roelighed at gaae over til den nye Regjering».

Med dei seks skriva frå regent Kristian Fredrik 19. februar vart den norske revolusjonen sett i verk. Hovuddokumentet hadde tittelen «Aabent Brev fra Norges Regent, Prinds Christian Frederik, angaaende Rigets nærværende Stilling, og tilkommende Regjeringsforfatning». Denne erklæringa sette Fredrik 6.s ordre frå månaden før til side. Då Fredrik 6. hadde gått av som Noregs konge, hadde han «gjengivet et frit og uafhængigt Folks fulde Ret til, selv at bestemme sin Regjeringsforfatning», skreiv Kristian Fredrik. Han slo vidare fast at «det Norske Folk» hadde «yttret sin bestemte Villie til, ikke at samtykke i nogen Underkastelse under Sverriges Konge, men derimod til at hævde og forsvare sin Uafhængighed og Selvstændighed». Som arving til den norske krona såg

23. Dei prenta originalane av kong Fredrik 6.s brev 18.1.1814 og dei seks breva frå regent Kristian Fredrik 19.2.1814 vart publiserte på nettet av Riksarkivet 7.10.2013, sjå <http://arkivverket.no/arkivverket/Tema/1814/Sjoelvtstendereising-og-nasjonale-val>. Kristian Fredriks kopibok, der originalane til rundskriva er innførte, er òg digitalisert, sjå Riksarkivet, Christian Fredriks arkiv, Kopibok over brev av politisk innhold til norske og danske, nr. 1 (1814), <http://arkivportalen.no/side/arkiv/detaljer?arkivId=no-a1450-01000001211561>.

24. T.d. *Tiden* (nr. 69), 25.2.1814, og *Budstikken* (nr. 5 og 6), 28.2.2014.

Kristian Fredrik det som si plikt å «virke for det Norske Folks Frihed og Sikkerhed». Han erklærte at han som regent, «hvilken Titel Jeg antager», hadde overteke alle rettar som Fredrik 6. hadde fråsaugt seg. Brevet slår til slutt fast:

Af Nationen valgte oplyste Mænd skulle samles den 10 April førstkomende, i Eidsvold udi Aggershuus Amt, for at antage en Regjeringsform, som fuldkommen, og for bestandig kan betrygge Folkets Frihed, og Statens Tarv.

Det opne brevet vart følgd av eit skriv med tittelen «Kundgjørelse». Kunngjeringa var primært ei understreking av det opne brevet, i ein meir appellerande og til dels meir aggressiv tone enn i brevet. Det byrjar med ei salve mot Sverige, som hadde vist nordmennene «Foragt» mellom anna ved «at ville udhungre Eder» og no vil «underkaste Eder det Svenske Aag». Kristian Fredrik legg vidare vekt på at «Jeg har hørt Folkets tydelige Stemme for Uafhængighed, for djærv og ubetinget Modstand mod fremmed Vold», og denne motstanden ville han stille seg i spissen for. Kunngjeringa legg ikkje til noko meir om Riksforsamlinga.

Dei detaljerte føresegnene for vala til riksforsamlinga vart gjevne i det tredje skrivet, som var eit rundskriv til biskopane. Originaldokumentet har inga overskrift, men det fekk alt i samtidige attgjevingar overskrifta «Circulaire til Biskopperne».<sup>25</sup> Dette er det sentrale skrivet i vår samanheng. «Den bedste Begyndelse til Alting, er at begynde med Gud», opnar rundskrivet, derfor skal Noregs folk «samles i Guds Templer». Fyrste del gjev føresegnar for korleis bededagen skal gjennomførast. Fyrst skal brevet frå Fredrik 6. av 18. januar lesast opp, deretter det opne brevet og kunngjeringa frå Kristian Fredrik av 19. februar. Når det er gjort, skal folket «opfordres» til å avleggje følgjande eid: «Sværges I, at hævde Norges Selvstændighed, og at vove Liv og Blod for det elskede Fædreland?» Med «opløftede Fingre» skulle det svarast med «Det sværges vi, saa sandt hjelpe os Gud og hans hellige Ord».

Deretter skulle presten lese ei bøn som biskopen hadde tilrådd og «nedbede Himmelens Velsignelse over det Norske Folk». Regenten presiserte at «denne høitidelige Handling skal foretages til Guds Ære», derfor skulle dagen òg reknast som «en Bededag i hele Riget». Handlinga har

25. T.d. *Tiden*, 25.2.1814.

25. 7  
 1814 <sup>10</sup>/<sub>8</sub>

17.  
*Circulaire til Biskopperne.*

Den bedste Begyndelse til Alting er af Guds  
 Le med Gud. Da han kommer veljuelst, naar vi  
 gjøre hvad Ret er.

Norges Folk er faaet i Guds Temple, og der,  
 siges om Religions-Loovens Mund, erfare, at Hans  
 Majestet Kong Frederik den Sjette har loffet Folket  
 af det Toffete Led, ved at overdrage sine Rettigheder til  
 Kongen, men at det Norges Folk, og kongerich. Fol-  
 kenes oprindelige Ret til selv at bestemme deres Regj-  
 ningsforfatning, og ved Landstykket kan have sin  
 selvstændighed; saa og, at Jeg, Norges Thrones veld-  
 saarum, kendet ved Nationens blidfulde Ønske, har  
 lovet at forblive blandt dette kong Folk, for som det  
 Regent at være om Statens Sikkerhed, Orden og  
 Rolighed.

Naar, efter en kort men kraftfuld Fæleednings-  
 Tale, Kong Frederik den Sjettes aabne Brev af 18.  
 Januar 1814 og vedtagne Med aabne Brev af 19. Februar  
 med Kundgjørelse om opløst, skal Folket opfordres  
 til at aflægge følgende høitidelige Led: „Sørge I at  
 have Norges selvstændighed, og at være Liv og Alrod  
 for det elskede Fædreland.“ hvilket med opløst

Fyrste sida av regent Kristian Fredriks rundskriv til biskopane  
 19. februar 1814 i Kristian Fredriks kopibok.

altså ein sterk religiøs karakter som skulle vere med på å gje dei verdslege  
 handlingane legitimitet. Etter eidsavlegginga skulle ei passende preike  
 heldast etter Davids salme 62, 8–9, som i samtidas Bibel lydde slik:<sup>26</sup>

26. Biblia. 1787.

8. Hos Gud er min Frelse og min Ære; min Styrkes Klippe, min Tilflugt er i Gud.
9. Forlader Eder paa Ham til hver Tiid, kiere folk! udøser Eders Hierte for hans Ansigt! Gud er vor tilflugt, Sela!

Salmen vert i Bibelen innleidd med ei forklaring som seier at David her tala om «sin Stilhed og Rolighed i Gud», og at han formanar dei truande «til at forlade sig paa Gud og ey paa Menniskene». Bodskapen i salmen er at David, trass i motstand frå mange kantar, bed menneska stole på Gud og berre han.

Deretter går rundskrivet over til å gje føresegner for dei verdslege forretningane som skulle haldast rett etter gudstenesta. Det skulle setjast opp «et Vidnesbyrd om» at innbyggjarane i kyrkjelyden «med Fædrelandssind [havde] aflagt denne Eed». Dette skrivet skulle underskrivast av presten, dei tilstadeverande øvrigheitspersonar og embetsmenn, og av tolv av «Menighedens agtværdigste Mænd». Dette skulle sendast «in duplo» gjennom biskopane «for at bevares i Rigets arkiv». I tillegg skulle det underskrivast «en Adresse til Mig, Norges Regent, af de samme Personer, hvilken nedlægges i Min Haand». Desse adressene frå prestegjelda er i dei fleste tilfella dei viktigaste og ofte dei einaste kjeldene som seier noko om kva som skjedde lokalt.

Ein skal merke seg at det skulle utferdast *to* dokument. Her var praksisen varierende i prestegjelda. Mange stader vart det berre sett opp eitt dokument, men somme stader vart det sett opp to: Ei adresse som oftast inneheldt valfullmakta for valmennene, og eit anna dokument med ei stadfesting av at eiden var avlagd. Berre eitt dokument frå kvart prestegjeld har gått inn i arkivserien som er publisert som 'adresser og fullmakter' frå riksforsamlinga. 131 av adressene nemner ikkje eiden direkte, så iallfall i desse tilfella må det ha vorte sett opp eigne dokument om eidsavlegginga. Jakob Gullberg har granska dette og funne at biskopen i Bergen mottok vitnemål om eidsavlegginga frå 57 kyrkjelydar i Bergen stift mellom 19. mars og 30. april. Desse vitnemåla sende han vidare til regenten i Kristiania. Frå prestegjeld på Austlandet finst det i Kristiania bisparkiv kring 60 bevarte vitnemål om eidsavlegginga.<sup>27</sup> I arbeidet med denne boka har «nummer to»-dokument frå fleire prestegjeld med stadfesting av eidsavlegginga dukka opp i arkiva (til dømes Sogndal), og dei

27. Gullberg 1986: 39ff.

kan innehalde avvikande formuleringar frå fullmaktene. Dette understrekar at ein må vere varsam med å dra altfor bastante slutningar på grunnlag av dei fullmaktene som er publiserte og kjende.

For Kristian Fredrik var det om å gjere at ikkje spørsmålet om ein union med Sverige for alvor kom opp, og sjølvstendeeiden må sjåast som eit ledd i denne politikken. Eiden vart avlagd kollektivt, og ein kunne ikkje reservere seg. Han var såleis meint å binde opp folket om sjølvstendelinja, som i og med at Kristian Fredrik også var dansk tronarving, i framtida ville bety at Noreg igjen kom i union med Danmark, rett nok under nye forfatningsmessige tilhøve. For dei som ønskte union med Sverige, var eiden eit problem, sjølv om dei fleste berre gjorde gode miner til slett spel, inntil vidare. «Sjølvstendet vart ikkje avgjort ved fri folkerøysting», skriv Ståle Dyrvik, «men under diktat frå regenten».<sup>28</sup>

Same dagen etter gudstenesta skulle det veljast to utsendingar frå «Menigheden» som skulle vere med og velje utsendingar til «den berammede Forsamling af Nationens udvalgte Mænd» (riksforsamlinga). Instruksen gav kriterium for kven som var valbare. Det var: «Menighedens bosatte civile, geistlige eller militaire Embedsmænd, Brugseiere, Jorddrotter eller Gaardbrugere af over 25 Aars Alder». Den eine av dei to utsendingane frå prestegjeldet «skal være af Bondestanden». Mange prestegjeld valde dermed ein frå bondestanden og ein embetsmann eller kondisjonert, men ein del prestegjeld valde òg to bønder. Det har vore peika på at rundskrivet frå Kristian Fredrik til biskopane ikkje gav detaljert instruks om korleis valmannsvala skulle gå føre seg, og at det var mykje varierende praksis. Det blei ikkje presisert kven som hadde stemmerett, men truleg nytta ein gjerne det same grunnlaget som for valbarheit, sjølv om det også her kunne vere variasjonar lokalt.<sup>29</sup> Den varierende praksisen er eit tema for fleire artiklar i denne boka.

Dei to utsendingane frå kvart prestegjeld skulle «begive sig, inden den af Amtet nærmere bestemte Tid, til det Sted midt i Amtet, som tilige af Amtmanden benævnes» for å velje «tre af Amtets mest oplyste Mænd at møde i Eidsvold». Dei tre valde utsendingane skulle ta med seg adressene frå alle prestegjeld i amtet og «overlevere dem i Regentens Haand, som Fuldmagt for deres eget Valg, og til Bevaring i Rigets

28. Dyrvik 2005: 61.

29. Arkivverket, «1814 – våre første nasjonale val» <http://www.arkivverket.no/arkivverket/Tema/1814/1814-vaare-foerste-nasjonale-val> [Tilgang 11.11.2013].



Arkiv». Dermed hadde Kristian Fredrik alt i rundskrivet sikra ei saksførehaving som gjorde at desse dokumenta vart bevarte for ettertida. Distriktsforsamlingane i våre tre fylke er også grundig granska i fleire artiklar i denne samlinga – eit vesentleg spørsmål her er kvifor amta valde dei utsendingane dei gjorde.

Rundskrivet til biskopane har deretter eit avsnitt om korleis valet i byane skulle gå føre seg. Embetsmenn og borgarar i kvar kyrkjelyd skulle velje to utsendingar til eit møte for heile byen, som så valde «een udvalgt Mand til Forsamlingen». Kristiania, Kristiansand og Trondheim skulle velje to og Bergen fire utsendingar.

I ein del framstillingar av vala til riksforsamlinga vert det hevda at bededagen primært skulle haldast siste fredag i februar,<sup>30</sup> men dette stemmer ikkje. Rundskrivet frå Kristian Fredrik avsluttar med å slå fast at «strax efter Modtagelsen» av regentskriva skulle presten «fra Prædikestolen en Søn- eller Hverkenddag» kunngjere frå preikestolen at alle «stemmeberettigede Indvaanere, næste Fredag» skulle møte i kyrkja til bededag. Derimot sende biskop Bech 20. februar ut eit skriv til sokneprestane i Kristiania stift der han peika ut datoen 25. februar som bededag.<sup>31</sup> Berre under særlege omstende kunne bededagen utsetjast til den påfølgjande fredagen, 4. mars. Denne oppmodinga frå biskopen ser i stor grad ut til å ha vorte følgd. Bededagen vart såleis mange stader på Austlandet halden 25. februar, og dette må truleg vere grunnen til mistydinga om at bededagen i utgangspunktet skulle ha vore sett til 25. februar for heile landet.

Arne Bergsgård har diskutert i kva grad særleg avlegginga av sjølvstendeiden kom som ei overrasking på folket som møtte på bededagen. I ettertid fremja eidsvollsmannen Gustav Peder Blom eit slikt syn, og han hevda at prestane var pålagde å halde føremålet med bededagen hemmelig.<sup>32</sup> Det bør nemnast at Blom var ein nær forbundsfelle av leiaren for unionspartiet i 1814, Herman Wedel Jarlsberg, og dermed mellom dei som følte seg forulempa i 1814. Bergsgård støttar likevel langt på veg Blom i at avlegginga av eiden kom som ei overrasking. Særleg på Austlandet meiner han at folket i stor grad ikkje visste om eiden eller innhal-

30. Koht 1914: 118, Dyrvik 2005: 49.

31. Gullberg 1986: 29f.

32. Gullberg 1986: 8, Bergsgård 1943–46: 7.

det i han før dei sat i kyrkja, men også her varierte praksis, og mange stader var innhaldet truleg kjent.<sup>33</sup>

Så vidt vi kan skjøne, er det ikkje grunnlag for å seie at prestane eller andre generelt ønskte å halde innhaldet i bededagen skjult. Brevet til biskopane, med instruksjen om avlegginga av eiden, blei som nemnt prenta i fleire aviser. Presten skulle også, som vi såg ovanfor, kalle inn til bededag frå preikestolen, og sjølv om det ikkje stod noko om kva han skulle seie i den samanhengen, var det ikkje unaturleg at det blei sagt noko om kva som skulle skje, slik Bergsgård også viser døme på. Langnes viser i sin artikkel at Kristian Fredrik gav amtmennene i oppdrag å føre tilsyn med prestane i prosessen, og sentrale dokument både i Romsdal og Bratsberg amt, sendt gjennom det sivile byråkratiske apparatet, viser at dei fekk beskjed om å gjere innhaldet kjent. I Romsdal veit vi at futane la nokre forsiktige føringar på budskapet når dokumenta blei sendt til lensmennene, men det var ikkje tale om hemmelegald. Dette utelukkar ikkje at avlegginga av eiden og vala kan ha kome som ei overrasking på forsamlingane nokre stader, eller at nokre embetsmenn kan ha unnlate å opplyse om – eventuelt medvete ha skjult – kva som skulle skje, fram til bededagen. Det er ikkje vanskeleg å førestille seg at ein prest som ønskte å bli vald, kan ha hatt taktisk fordel av å ikkje seie for mykje før valdagen. Alt i alt er det likevel ikkje noko som tyder på at det var tale om noko bevisst hemmelegald frå Kristian Fredrik eller embetsverket omkring innhaldet på bededagen. At informasjon blei sendt gjennom fleire kanalar, kan tvert om tale for at ein skulle sikre at informasjonen kom fram i størst mogleg grad.

Det fjerde dokumentet frå Kristian Fredrik av 19. februar var eit skriv til amtmennene. Om distriktsforsamlinga der valet til riksforsamlinga skulle gjennomførast, heiter det at amtmanden hadde ansvaret for å vere til stades og ta seg av valet. Av dei tre utsendingane måtte det vere «i det mindste een af Bondestanden». Møtet skulle setje opp «et Vidnesbyrd» om valet, underskrive av «samtlige tilstedeværende Valgmænd».

I rundskrivet til amtmennene kravde regenten elles at dei sivile, geistlege eller militære embetsmennene som ikkje var til stades under eidsavlegginga på bededagen og ikkje hadde skrive under adressa, skulle «indsende deres Eed underskreven til Mig». Vidare går det fram kva «de ikke Norsk fødte civile, geistlige eller militaire Embedsmænd» skulle gjere.

33. Bergsgård 1943–46: 6–11.



Regjeringskontoret Danske kanselli i København hadde i ei kunngjering 5. februar 1814 gjort det klart at dei som ønskte å vende attende til Danmark, kunne gjere det, og Kristian Fredrik kravde då at dei måtte «nedlægge deres Embeder i Mine Hænder». Rundskrivet hadde òg ei overgangsordning for ikkje-norske som ville bli mellombels i norske embete før dei bestemte seg for om dei ville avleggje eiden og bli.

Dei to siste rundskriva frå regenten av 19. februar retta seg mot dei militære land- og sjøetatane. Dei var stort sett einslydande og hadde tre delar. Den fyrste var eit krav til alt militært personell om å avleggje den same eiden som i kyrkja, «med 3 opløftede Fingre af den Høire Haand». Men i tillegg skulle handlinga avsluttast «med et 3de Gange 3 gjentaget Hurra for Norge, dets Regent og Norges kjække Forsvarere». Den andre delen galdt vala til riksforsamlinga: I kvar avdeling skulle offiserar og soldatar under våpen (og over 25 år) velje ein offiser og ein frå «Underklasserne» til eit regimentsmøte som skulle velje to utsendingar til Eidsvoll, ein offiser og ein frå «Underklasserne» (soldat eller underoffiser). Tredje delen galdt kva danskfødde offiserar skulle gjere, jamfør skrivet til amtmennene.

### Politisk kultur kring 1814 i eit lokalt perspektiv

Den eineveldige styringsstrukturen utgjorde det institusjonelle rammeverket kring den politiske kulturen i Danmark-Noreg i tida fram mot 1814. Dei politiske hendingane dette året innebar at vilkåra for politisk aktivitet vart kasta om. Ytre forhold medverka til å omdefinere sentrale normer og verdiar knytte til den politiske kulturen, og handlingsrommet for aktørane vart endra. 1814 representerer såleis eit brot i den politiske kulturen på riksplan, men ein skal heller ikkje underslå at sterke drag av kontinuitet dannar bru over dette særmerkte året i norsk historie.

Fleire forhold medverka til dette siste. For det første endrar kulturelle drag ved samfunn seg gjerne sakte samanlikna med det ytre, politiske hendingsplanet. Den kontinuiteten som kjenneteikna samfunnseliten i Noreg på begge sider av 1814, kan oppfattast som eit uttrykk for nettopp ei slags tregheit i den politiske kulturen. Der embetsmennene styrte i Kongens namn før 1814, kom dei til å styre i Stortinget sitt namn etter 1814, ifølgje den norske historikaren Sverre Steen.<sup>34</sup>

34. Rian 2003: 5.

For det andre var mange aspekt ved dei politiske endringane i 1814 førebudde gjennom samfunnsutviklinga frå siste delen av 1700-talet. Opplysningstida sine tankar til dømes om samfunnskontrakten og ytringsfridom hadde nedfelt seg i delar av befolkninga, først og fremst samfunnseliten. Desse ideologiske straumdraga rokka ved etablerte førestillingar om kva som var det legitime grunnlaget for politisk makt. I spennet mellom fyrste- og folkesuverenitet gjorde ei rekkje ulike tankar om det politiske styret seg gjeldande i Danmark-Noreg på slutten av 1700-talet og i tida fram mot 1814. Dette galdt til dømes førestillinga om det opplyste eineveldet og det som Jens Arup Seip har kalla teorien om det opinionsstyrte eineveldet.<sup>35</sup> Inntrykket frå opplysningsideane og tidlege romantiske idear gjorde samstundes at spørsmålet om kollektiv identitet vart sett i spel. Patriotisme, fedrelandskjærleik og førestillingar om ein norsk nasjonal identitet var allmenne drag ved dette tankegodset. Ein sterkare nasjonal identitet utvikla seg i tiåra før 1814, men i all hovudsak innanfor rammene av den dansk-norske heilstaten. I åra etter krigsutbrotet i 1807 er det likevel ein klar tendens til at dei nasjonale haldningane og krava frå norsk side blei klarare artikulert.<sup>36</sup>

Som nemnt er det vanleg å rekne med at nedslagsfeltet for desse ideane i Noreg var sosialt avgrensa til samfunnseliten, det vil seie embetsmannskrinsar og storborgarlege miljø.<sup>37</sup> Om ikkje tankegodset frå opplysningstida fekk noka markant utbreiing i allmugen, skjedde det på 1700-talet likevel viktige endringar i dei konkrete styringsvilkåra som galdt innanfor lokalsamfunna. Frå midten av hundreåret vart bønder i sterkare grad trekte med i løysinga av samfunnsoppgåver som til dømes skule og fattigomsorg.<sup>38</sup> Lokale kommisjonar vart nye arenaer for medverknad og interessekamp for bøndene, noko som rimelegvis må ha medverka til å endre den politiske kulturen også i dei norske bygdesamfunna. Vi veit likevel ikkje nok korkje om kva opplysningstankane eller eit utvida lokalt sjølvstyre hadde å seie for den politiske horisonten til den norske bonden før 1814. Vårt håp er at denne boka vil vere eit tilskot til kunnskapen på dette feltet.

Då grunnlaget for Kristian Fredriks politiske prosjekt etter stormannsmøtet i februar 1814 vart forskuva frå fyrstesuverenitet til folkesu-

35. Seip 1958: 64f.

36. Dyrvik 2011: 292.

37. Dyrvik 2011: 293. Sjå også t.d. Glenthøj 2012.

38. Dyrvik 2011: 201.

verenitet, innebar dette at breiare lag i befolkninga måtte inkluderas i dei politiske prosessane. I tråd med den eineveldige politiske kulturen kom det politiske initiativet ovanfrå og vart formidla gjennom det hierarkiske embetsmannsapparatet. Idéen om folkesuverenitet vart forsøkt realisert innanfor ein politisk kultur framleis hadde den formelle skipnaden til eineveldet. Å studere 1814 i eit lokalsamfunnsperspektiv inneber derfor å fokusere på korleis bygdesamfunn og større regionar responderte på sentralinitierte krav om politisk medverknad. Allereie her ligg det ei avgrensing i handlingsrommet til aktørar i dei lokalsamfunna og landsdelane som er i fokus i denne antologien. Studiane av bededagen og vala i mars 1814 i dei tre amta synest å stadfeste at representantar for det eineveldige styringsapparatet, først og fremst dei lokale sokneprestane, i stor grad hadde hand om tilskippingane i kvart enkelt prestegjeld. Men var det likevel rom for sjølvstendige aktørar frå allmugen til å gjere seg gjeldande i valhandlingane? Eller var rolla til dei medverkande bøndene i første rekkje å gje tilslutning til ein politisk prosess dei ikkje hadde reell påverknad på? Var det med påhalden penn bøndene sanksjonerte samfunnseliten sitt politiske prosjekt?

### **Sjølvstendige aktørar eller lydige undersåttar?**

Slik folkesuverenitetsprinsippet kom til uttrykk i sjølvstendepolitikken og i Grunnlova, vart det føresett at folket utøvde suvereniteten sin på ein indirekte måte gjennom valde representantar.<sup>39</sup> I ei slik moderat form var folkesuvereniteten å forstå som avhenda, og den konkrete maktutøvinga var overdregen til politiske institusjonar. Formelt sett innebar dette at det politiske styresettet strengt teke ikkje var avhengig av bønder som sjølvstendige og kompetente aktørar. Heller ikkje synest det som at embetsmannseliten hadde forventningar om at bøndene ville opptre på sjølvstendig basis, sjølv om den vide stemmeretten i Grunnlova opna nettopp for ein slik aktiv medverknad frå bøndene si side.<sup>40</sup> Tvert om tyder mykje på at embetsmannseliten rekna med at bøndene ville halde fram med å handle i tråd med det tradisjonelle paternalistiske mønsteret, noko som i så fall tilsa at den politiske makta framleis ville ligge trygt i hendene på embetsmennene. Ifølgje futen i Øvre Telemark, som Baklid dreg

39. Sørensen 2001: 59.

40. Hommerstad 2010: 112.

fram i sin artikkel, var det også lite som tyda på at bøndene med det første engasjerte seg for å hevde rettane dei hadde vunne i Grunnlova. Futen hevda i august 1814 at bøndene i området generelt var lite interesserte å føre seg opp i manntalet, slik ein måtte for å kunne stemme.

Tida etter 1814 skulle likevel vise at bøndene utvikla sin politiske kompetanse, dels gjennom å tilpasse seg eliten sine normer for praksis, dels ved ei aukande evne til kollektiv mobilisering.<sup>41</sup> Gjennom ein politisk mogningsprosess vart bøndene gradvis integrerte som sjølvstendige aktørar i den politiske kulturen på nasjonalt plan. Den politiske omveltinga i 1814 er – saman med innføringa av lokalt sjølvstyre i 1837 – viktige milepålar i ein langvarig endringsprosess som på 1800-talet gradvis omforma bøndene frå å vere lydige undersattar i eit eineveldig styre til å framstå som myndige borgarar i eit framveksande folkestyre. Endringane var likevel ikkje einsidig knytte til den politiske utviklinga i snever forstand, men hang i stor grad saman med samtidige og parallelle utviklingstrekk som mellom anna framveksten av organisasjonslivet og ein meir marknadsretta bondeøkonomi.

Vårt tema gjer det nødvendig å trengje bakom den politiske integrasjonsprosessen på 1800-talet, på leiting etter trekk ved politisk kultur i tida nærast opp mot 1814. Det er viktig å understreke at den klare utviklinga av politisk medvit og kompetanse i tida etter 1814 ikkje tyder at bondesamfunnet stod avmechtig eller utan ressursar i møte med omveltingane i 1814. Den politiske kompetansen til bønder og andre grupper frå allmugen var før 1814 i all hovudsak forankra i ein lokal kontekst, i lokale politiske kulturar. Både sosial lagdeling, kulturelle mønster (til dømes utbreiinga av lese- og skrivekunne) og førekomsten av lokale styringsposisjonar gjorde at føresetnadene for politisk deltaking var ulikt fordelte i eit bygdesamfunn, og det har openbert funnest grupper i allmugen med ein vidare horisont enn den økonomiske og sosiale røyndommen innanfor den einskilde bygda.

Mykje av fokuset i denne artikkelsamlinga vil nettopp liggje på enkeltaktørar og grupper av aktørar sine føresetnader for politisk deltaking. Kjeldesituasjonen tillèt, som nemnt, sjeldan noka detaljert gransking av valprosessane kringom i prestegjelda på Nordvestlandet og i Telemark. Når det gjeld bededagen og vala på våren 1814, er vi stort sett overlatne

41. Hommerstad 2012: 295.

til den informasjonen som finst i adressene og knappe nedteikningar i kyrkjebøker, og ingen av desse kjeldene gjev inngåande skildringar av sjølve valhandlingane.

Eit viktig unntak er her materialet frå Holla prestegjeld i Telemark, der eit bevart manntal gjer det mogleg å granske valet meir i detalj (sjå Hyviks artikkel). Den vanskelege kjeldesituasjonen er bakgrunnen for at ein i fleire av artiklane har valt å gå vegen om aktørane på lokalnivå, først og fremst valmennene, for å seie noko om kva som kjenneteikna dei politiske prosessane innanfor lokalsamfunna i 1814. Mellom valmennene var naturleg nok dei kondisjonerte overrepresenterte i forhold til kor stor del desse gruppene utgjorde av befolkninga. Dei geistlege og sivile embetsmennene var ein elite i lokalsamfunna, samstundes som dei var eineveldet sin forlenga arm inn i bygdesamfunnet. Ved vala i byane gjorde også borgarskapet seg sterkt gjeldande, noko som Bolstad og Williamsen syner i sine artiklar om høvesvis Skien/Porsgrunn og Kristiansund.

I forsøka på å analysere bygdesamfunna sin respons på dei politiske hendingane i 1814 har artiklane til Hyvik, Hoel, Timberlid, Krøvel og Baklid særleg sett fokus på allmugerepresentantane som vart valde. Det er først og fremst desse representantane frå breiare lag i folket som er nøkkelen til å forstå kor djupt det politiske engasjementet stakk i den norske befolkninga i 1814. Desse artiklane viser klart at det ikkje var noko tverrsnitt av bondesamfunnet som møtte ved amtsmøta for å velje representantar til riksforsamlinga våren 1814 og det ekstraordinære Stortinget hausten same året. Allereie gjennom reglane som fastsette kven som kunne veljast, fall store grupper i bondesamfunnet frå som aktuelle kandidatar til rolla som valmann. Dette galdt husmennene, men det galdt også kårfolk. Bondevalmennene var dessutan jamt over meir ressurssterke reint økonomisk enn hovuddelen av bøndene i sine bygdesamfunn, sjølv om det også fanst bønder mellom valmennene som skåra lågare enn gjennomsnittet på variablar for økonomisk kapasitet.

To grupper av valmenn kan skiljast ut. Relativt mange sat i lokale ombod. Dette gjeld lensmenn, skulehaldarar, kyrkjesongarar, presten sine medhjelparar, kyrkjevevjerer og forlikskommissærar. Ei anna gruppe omfattar bønder med ei allsidig næringsdrift, gjerne kombinert med vilje og evne til nyskapande nærings tiltak. Medan denne siste gruppa jamt over hadde ein sjølvstendig posisjon i bygdesamfunnet, stod bøndene i dei

ulike omboda i eit underordningsforhold til lokale embetsmenn, noko som innebar at dei var ein del av eineveldet sin styringsstruktur i lokalsamfunnet. På den andre sida vart lokale ombod gjerne fylte med personar som allereie i utgangspunktet var naturlege leiarfigurar i lokalsamfunnet i kraft av å ha bestemte ressursar. Ei gruppe valmenn som dels overlappar med dei to føregåande, er kjenneteikna ved ein kulturell kompetanse, først og fremst i form av skriftmeistring og bokleg lærdom.

Mellom valmennene i 1814 utgjer lensmennene ei særleg interessant gruppe. Ved sida av å vere øvrigheita sin representant i bondesamfunnet, hadde dei også ein funksjon som «Almuens Formand». <sup>42</sup> Våren 1814 finn ein lensmenn mellom valmennene både i Romsdals amt og Nordre Bergenhus, og i det sistnemnte amtet kom tre av fire frå Sogn. Flest lensmenn var det likevel mellom valmennene frå Bratsberg amt, der seks av 26 valmenn sat i lensmannsombodet. Fleire av dei andre valmennene i amtet var dessutan knytte til lensmennene gjennom slektskapsrelasjonar. I Bratsberg amt kan eit nettverk kring lensmennene ha gjort seg gjeldande ved vala på amtsforsamlinga, sjølv om ingen av lensmennene sjølve vart valde til Eidsvollsforsamlinga. Ikkje sjeldan vart dei lokale lensmennene rekrutterte frå same familie gjennom fleire generasjonar, og førekomsten av slike lensmannsslekter eller lensmannsdynasti må ha medført ei styrking av autoriteten til innehavarane av dette ombodet. Fleire av lensmennene som vart valde som valmenn i dei tre amta i 1814, kan knytast til slike lensmannsdynasti.

Valmannundersøkingane etterlèt i det heile eit tydeleg inntrykk av at det fanst ein bondeelite i dei tre amta tidleg på 1800-talet. Bondeeliten var samansett på eit breitt grunnlag, der økonomisk velstand, næringsvet, lokale ombod og kulturell kompetanse er dei viktigaste kriteria. Det gjekk altså ulike vegar inn til denne gruppa. Bondeeliten danna eit mellomlag i befolkninga, mellom dei styrande embetsmennene og resten av bondesamfunnet. At ein hovuddel av valmennene kan knytast til eit slikt mellomlag, kan tolkast som eit uttrykk for at tillit både ovanfrå og nedanfrå, både frå øvrigheita og bondesamfunnet, var ein avgjerande faktor i valet. Førekomsten av ei slik mellomgruppe talar også mot ein avmaktstese og for at det fanst ressursar og kompetanse i bondesamfunnet som kunne mobiliserast i 1814. Ikkje minst medverka denne gruppa til at

42. Gjerdåker 2011.

bøndene i åra som kom, kunne finne og vere med på å utforme ein plass i det politiske systemet, sjølv om gamle lojalitets- og styringsideal naturlegvis ikkje vart endra over natta.

Jamvel om det er mogleg å identifisere grupper av valmenn som på ulikt vis representerte ein elite i bygdesamfunnet, finn ein i alle tre amta valmenn som ikkje merkte seg ut framfor andre bønder korkje når det galdt økonomiske ressursar, næringsaktivitet eller som innehavarar av lokale ombod. Dette tyder på at dei politiske prosessane knytte til hendingane i 1814 også femna vidare og djupare enn til ein bondeelite. Vala av valmenn i dei tre amta i 1814 var såleis ikkje ein eksklusiv prosess som utelukkande innebar interaksjon mellom sentrale styresmakter og eit tynt øvre sjikt av bondesamfunnet. Rett nok var samspelet mellom det einveldige maktapparatet og ein bondeelite i lokalsamfunna eit klart dominerande trekk ved prosessane, men den politiske aktiviteten var ikkje determinert av den sosiale strukturen på lokalnivå. Det fanst ei viss opning for deltaking også frå breiare lag av bondebefolkninga.

### **Sosiale nettverk som aktørar i bygd og by**

I tillegg til aktørar i formelle posisjonar i eit makthierarki vil det innanfor ulike politiske kulturar vere rom for sosiale nettverk der individ er knytte saman gjennom personlege relasjonar. Slike uformelle relasjonar kan vere slektskap eller venskap, men nettverk kan også omfatte vertikale relasjonar baserte på økonomisk avhengigheit. I denne antologien har både Losnegård og Bolstad i sine artiklar hovudfokus på konkrete nettverk som vart aktiviserte i samband med valprosessane i 1814.

Gaute Losnegård viser korleis haugianarane i Sunnfjord frå og med hausten 1814 kom til å verte ein viktig politisk maktfaktor i Sunnfjord. Med utgangspunkt i ei felles religiøs grunnhaldning utvikla haugianarane i Noreg seg i tida fram mot 1814 til å verte eit omfattande nettverk der tilhengjarane var bundne saman ikkje berre gjennom religiøse, men òg gjennom sterke økonomiske og sosiale relasjonar. I Sunnfjord var Svanøy det religiøse, økonomiske og politiske kraftsenteret for haugianarane, og haugianarane i Sunnfjord vart etter kvart ein sosioøkonomisk elite innanfor futedømmet. Valet av haugianaren Ole Torjussen Svanøe som ein av fire tingmenn hausten 1814 var innleiinga på ein periode kjenne-teikna av haugiansk dominans mellom stortingsrepresentantar frå Sunn-

fjord. Frå Nordre Bergenhus amt vart det valt haugianarar frå Sunnfjord til Stortinget langt utover 1800-talet, og det haugianske nettverket kom såleis til å verte ein viktig bindelekk mellom bondesamfunnet i regionen og sentrale politiske institusjonar på riksnivå.

Også i andre delar av Nordre Bergenhus amt gjorde haugianarane seg gjeldande politisk frå 1814. Oddmund Hoel viser korleis haugianarane i Luster i Sogn tidleg utgjorde ein politisk maktfaktor i lokalsamfunnet. Både om hausten 1814 og ved det første ordinære Stortinget i 1815 vart haugianarleiaren Torgeir Næss vald inn som representant for Nordre Bergenhus amt.

Undersøkingane av valet til Eidsvollsforsamlinga våren 1814 viser at det var haugianarar mellom valmennene både i Romsdals og Bratsberg amt, men dei var ikkje mange. Det er verdt å merke seg at heller ikkje i Nordre Bergenhus synest haugianarane å ha mobilisert våren 1814. Det var først i valet til det ekstraordinære Stortinget på hausten at dei gjorde seg gjeldande for alvor.

Som tidlegare nemnt vart det halde eigne val for byane i Noreg i 1814. I dei tre amta som denne undersøkinga dekkjer, hadde fem byar kjøpstadstatus: Molde og Kristiansund i Romsdals amt, og Skien, Porsgrunn og Kragerø i Bratsberg amt. I Nordre Bergenhus var det ingen kjøpstad eller by i 1814.

Både Kristiansund, Skien og Porsgrunn var utoverretta handelsbyar som vart hardt råka av napoleonskrigane og blokaden. Borgarskapet i alle tre byane hadde gode kontaktar med dei nordvestlege delane av Europa. Vala i 1814 viser også at næringslivsinteressene gjorde seg sterkt gjeldande mellom valmenn og stortingsrepresentantar. I Skien og Porsgrunn var det såleis medlemmer av dei framståande familiane Cappelen og Aall som vart valde som representantar til riksforsamlinga. Saman med godseigar og jarnverkseigar Severin Løvenskiold, som møtte for Bratsberg amt på Eidsvoll, tilhørde familiane Cappelen og Aall den absolutte økonomiske og sosiale eliten i denne delen av landet. Begge familiane vart tungt involverte i trelast og skipsfart. Tre brør i Aall-familien var sentrale aktørar i samband med dei politiske hendingane i 1814. I tillegg til Jørgen Aall, som representerte Porsgrunn, møtte Jacob på Eidsvoll for Nedenes amt. Niels Aall vart på si side utnemnd til statsråd av Kristian Fredrik i 1814.

Gunnar Bolstad viser i sin artikkel korleis sosiale nettverk spelte ei stor rolle i Skien og Porsgrunn. Desse nettverka var dels slektskaps-



baserte, dels av økonomisk karakter. Dei økonomiske relasjonane omfatta aktørar på ulikt nivå på den sosiale rangstigen i dei to byane kring 1814, og reine patron–klient-relasjonar florerde. Bolstad har identifisert dei fleste 1814-aktørane i Skien og Porsgrunn som tilhøyrande dei nettverka som batt samfunnseliten saman med midtre og lågare sjikt innanfor næringslivet i byane. Når han samanliknar underskrivarane av adressa frå mars 1814 med innehavarane av ulike typar ombod i dei to byane, finn han at den sistnemnde gruppa hadde ein meir eksklusiv karakter enn «dei 12 utvalde» som signerte adressa til Kristian Fredrik. Dette kan tolkast som uttrykk for at dei politiske prosessane i 1814 stakk djupare enn den kvardagslege styringa av byane. Bolstad meiner det kan ha vore eit medvite ønske hos dei lokale styresmaktene å vise at støtta til Kristian Fredrik hadde ei brei folkeleg forankring. I alle høve viser materialet at valet til Eidsvollsforsamlinga mobiliserte relativt breitt i byane Skien og Porsgrunn, sjølv om dei valde representantane først og fremst kom frå byeliten.

Kristiansund var tidleg på 1800-talet ein utprega internasjonal by både økonomisk og kulturelt. Ei rekkje handelsmenn frå dei britiske øyane hadde i løpet av 1700-talet etablert seg i nordmørsbyen, og det var ein av etterkomarane av desse som vart vald til representant frå Kristiansund på Eidsvoll. Som Odd Williamsen viser i sin artikkel om 1814 i Kristiansund, var John Moses integrert i eit nettverk som omfatta både lokale kjøpmannsslekter og handelsmenn med britisk opphav. Derimot hadde nok korkje Moses eller eliten i Kristiansund dei tette banda til styresmaktene i Kristiania som fleire av eidsvollsmennene frå Bratsberg hadde. I den forstand var nok både Kristiansund og resten av Nordvestlandet i langt større grad enn Telemark for ein politisk periferi å rekne.

### Lokale konfliktlinjer i ein 1814-kontekst

Dei politiske prosessane i 1814 kom i mange tilfelle til å involvere aktørar som var partar i konfliktar innanfor sine bygdesamfunn. Det er grunn til å tru at slike lokale konfliktar kan ha sett preg på valprosessane innanfor somme av valkretsane. I forlenginga av det som tidlegare er sagt om haugianske nettverk, er det nærliggjande å tenkje på konflikten mellom haugianarane og embetsmenn som ein relevant bakgrunn for fleire av valhandlingane, kanskje særleg i Nordre Bergenhus amt. Sjølv om kampen

mot Hauge-rørsla vart ført frå dei sentrale styresmaktene, var det i stor grad mellom den lokale presten og haugianarane i kyrkjelyden hans at dei direkte konfrontasjonane fann stad. Losnegård fortel om gransking og forhøyr av haugianarar i Sunnfjord i 1806. I Sogn var Luster eit hovudområde for haugianarane, og soknepresten Edvard Qvale førte ein kamp for å avgrense utbreiinga av haugianismen i prestegjeldet sitt. Hoel har i sin artikkel peika på at det nettopp var Qvale og den leiande haugianaren Hans Urdahl som vart valde til valmenn i mars 1814, og det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at det kan ha stått strid kring eit slikt val. I Bratsberg veit vi med sikkerheit berre om éin haugianar mellom valmennene. Det var Steen Tufte frå Holla, som hadde vore dømd på grunnlag av konventikkelpakaten i 1803 etter å ha late Hauge tale i huset sitt.

Ei rekkje konflikhtar mellom allmuge og øvrigheit oppstod elles i samband med den vanskelege forsynings situasjonen under napoleonskrigane. I Aure på Nordmøre hadde soknepresten Hagerup skapt splid i lokalsamfunnet ved måten han administrerte kornutdelinga på, og i løpet av vinteren 1814 utvikla det seg ein skarp konflikt mellom presten og delar av allmugen. Begge dei to valmennene frå prestegjeldet som i slutten av mars møtte på amtsmøtet i Molde, tilhørte den fremste opposisjonen mot Hagerup. Også i Surnadal var det i tida rundt 1814 ein konflikt mellom prest og allmuge, men her vart presten send til Molde som ein av dei to valmennene.

Sjølv om det jamt over er krevjande å påvise direkte samanhengar mellom samtidige konflikhtar innanfor bygdesamfunnet og hendingane i 1814 på lokalplan, utgjer dei lokale konfliktane ein fruktbar inngang til den politiske kulturen i bondesamfunnet. Når kjeldene er tause, må ein ofte gå omvegar for å gripe trekk ved den lokale styringsstrukturen i tida rundt 1814. Særleg i dei høva der dei politiske påboda ovanfrå kom til å utløyse prosessar som tangerte lokale konfliktlinjer, er det rimeleg å tru at engasjementet kring 1814 vart forsterka og fekk ei djupare forankring i lokalsamfunnet enn det som elles ofte var tilfellet.

Det fanst oppfatningar om bindingar mellom representantane i riksforsamlinga og veljarane på lokalnivå. I Agøys artikkel kan vi lese om eit brev Talleiv Huvestad fekk frå bønder i Øvre Telemark mot slutten av riksforsamlinga. Her fekk Huvestad klar melding om å stramme seg opp når det galdt å støtte sjølvstendesaka. I same artikkel er også dokumentasjonsbehovet som oppstod for fleire av representantane på Eidsvoll

omhandla. Representantar frå Bratsberg bad om attest for stemmegjeving og framlegg som vart presenterte for Eidsvollsforsamlinga. Dette tyder på at representantane måtte rekne med å forsvare sine handlingar overfor lokalsamfunnet dei kom attende til. I ein situasjon der representasjonsprinsippet var nytt i den politiske kulturen, gjev denne tilnærminga uttrykk for ei godt utvikla forståing av kontraktsforholdet mellom representantar og veljarar. I tillegg tyder dokumentasjonsbehovet på at det må ha funnest arenaer i lokalsamfunnet der dei politiske prosessane på Eidsvoll var gjenstand for drøfting i etterkant.

### Politiske kulturar på lokalt og regionalt nivå

Det har vore ei målsetjing for prosjektet å løfte fram og drøfte variasjonar i korleis ulike lokalsamfunn responderte på dei politiske utfordringane i 1814. Slike geografiske mønster i politisk åtferd kan avsløre utbreiinga av politiske kulturar på region- eller lokalsamfunnsnivå.

Systematisk variasjon med omsyn til førekomsten av bønder som valmenn og representantar i riksforsamlinga er ein openberr indikator som kan seie noko om kvalitative forhold ved den politiske kulturen i eit område. Ved valet til Eidsvollsforsamlinga var det nedfelt i retningslinjene at minst ein av dei to valmennene frå kvart prestegjeld skulle vere bonde. For mange prestegjeld innebar dette at ein person med kondisjonert bakgrunn og ein bonde vart vald. Men i somme prestegjeld sende ein to bønder til amtsmøtet. I Nordre Bergenhus er det til dømes ein klar kontrast mellom Sunnfjord, med mange bondevalmenn, og Sogn, der ein meir gjennomgåande valde ein bonde og ein embetsmenn til valmenn frå kvart prestegjeld. Skuldast dette at bøndene i Sunnfjord deltok meir aktivt i dei politiske prosessane i 1814 enn allmugen i Sogn? Losnegård har vist i sin artikkel at det ikkje nødvendigvis var ein slik samanheng mellom preferansen for bondevalmenn og politisk kultur. Han peikar på at bortimot samtlege av sokneprestane i Sunnfjord i 1814 var gamle og hadde dårleg helse. Dette gjorde dei mindre aktuelle som kandidatar ettersom valet innebar ei relativt mødesam reise til Vik i Sogn, der amtsmøtet vart halde. Dei kondisjonerte utgjorde ofte ei fåtalig gruppe i bygdesamfunna, og soknepresten var gjerne den mest nærliggjande kandidaten som valmann. Når presten såg seg tvungen til å melde avbod, må løysinga i mange tilfelle ha vore å velje to bondevalmenn.

Dømet frå Sunnfjord manar til varsemnd når det gjeld å trekkje enkle slutningar om politisk kultur på grunnlag av den sosiale bakgrunnen til valmennene. På meir sikker grunn er ein likevel når det gjeld regionale skilnader i politisk kultur i Bratsberg amt. I artiklane til Baklid og Hyvik vert det konstatert systematiske skilnader mellom høvesvis den øvre og den nedre delen av Telemark når det gjeld representasjon ved vala i 1814. I motsetning til kva som var tilfellet i dei øvre delane, var innslaget av representantar frå borgarlege næringar til dels betydeleg i den nedre luten av amtet. Ved valmannsvallet på våren 1814 synest representantar for desse næringane å ha vorte valde framfor embetsmenn i nedre delar av Bratsberg. Dei fleste embetsmennene som møtte på amtsmøtet, var såleis prestar frå dei øvre delane av amtet.

I samband med valmannsvala på hausten 1814 vart langt færre bønder valde, og Baklid peikar på at dei borgarlege valmennene i denne omgangen synest å ha vore føretrekte framfor bønder i nedre luten av amtet. Variasjonen i den sosiale bakgrunnen til valmennene i 1814 speglar etter alt å døme ulikskapar mellom dei øvre og dei nedre bygdene i Bratsberg når det gjeld næringsliv og sosial struktur. Dei borgarlege næringane stod sterkt i dei nedre delane av amtet, med byane Skien og Porsgrunn som viktige økonomiske tyngdepunkt. Skilnaden i politisk representasjon vart forsterka av at eliten i dei nedre delane av amtet tilhørde ein riksomfattande elite med tette band til det øvste politiske sjiktet i Kristiania, og det svenskvennlege miljøet kring det søraustlandske trelastpatrisiatet. Den politiske og økonomiske tyngda til denne gruppa var truleg noko av bakgrunnen for at mange av valmennene frå Bratsberg slutta opp om unionspartiet på Eidsvoll våren 1814, men når det er sagt, må det også nemnast at representantane frå Porsgrunn og Kragerø støtta sjølvstendepartiet.

At det kunne føreliggje skilnader i politisk kultur også innanfor små bygdesamfunn, nærast på mikronivå, viser Hoels analyse av kven som skaffa seg røysterett gjennom eidsavlegging i Jostedalen i etterkant av 1814. På dette området var det tydelege skilnader mellom øvre og midtre/nedre delen av prestegjeldet. Bøndene på dei fleste gardane i dei øvste delane av Jostedalen skaffa seg røysterett anten i 1814 eller dei næraste åra fram mot 1820, medan denne politiske mobiliseringa var ein lengre prosess i andre delar av Jostedalen. Hoel peikar på at desse kulturelle skilnadene innanfor Jostedalen har tilknytingspunkt til sosiale møns-

ter og lokale konfliktlinjer. Bondeeliten i Jostedalen var sterkare representert i dei øvre delane av dalføret, og det var også her allmugen kom i konflikt med presten heilt på tampen av 1813.

### Politiske kulturar i eit langtidsperspektiv

Ei alternativ tilnærming til distinkte politiske kulturar går vegen om adressene som vart utforma på prestegjelds- og amtsnivå våren 1814. Dei ulike adressene er bygde opp kring mange av dei same elementa og må dessutan lesast på bakgrunn av dei underdanige og tilbedande sjanger- og stilideala som rådde i einevaldstida. Likevel føreligg det også ein viss variasjon i innhald og uttrykksmåte. I sin artikkel tek Mads Langnes utgangspunkt i omtale av odell og arverett i hyllingane av Kristian Fredrik i adressene frå Romsdals amt. Medan han finn referansar til desse omgrepa i adresser både frå Sunnmøre og Romsdal, manglar omtale av odell og arv i adressene frå Nordmøre. Sjølv om ordval og formuleringar i nokon grad kan ha vore styrt av rettleiingar frå lokale embetsmenn, til dømes futen, trur Langnes at dette aspektet ved adressene frå Nordmøre kan vere eit genuint uttrykk for ei svakare tiltru til Kristian Fredrik og eit monarkisk styresett i dette futedømmet samanlikna med andre delar av Romsdals amt. Nordmøre skil seg også ut ved at relativt få embetsmenn vart valde til valmenn våren 1814. Langnes set desse funna i samanheng med ein langvarig radikal og regimekritisk tradisjon på Nordmøre. Denne tradisjonen kom mellom anna til uttrykk i agitasjonen til John Neergaard frå 1820-talet og utover, ei tidleg utvikla arbeidarrørsle og ein relativt høg oppslutnad om republikanske haldningar i samband med folkerøystinga i 1905. Ein politisk kultur som innebar myndiggjering av bønder (og seinare arbeidarar), tru på folkestyre og ei kritisk haldning til embetsstanden, kan på denne måten ha vore utbreidd på Nordmøre gjennom heile 1800-talet og eit stykke inn på 1900-talet.

Også Oddbjørn Melle tek utgangspunkt i myndiggjering av bønder i Romsdals amt. Dette amtet skilde seg ut gjennom store delar av 1800-talet med høg valdeltaking i landsmålestokk, og ein finn også fleire døme på tidleg institusjonsbygging i form av landhushaldningsselskap, bibliotek, prenteverk og aviser. Etter Melle si oppfatning inneber dei politiske endringane i 1814 (og seinare innføringa av formannskapslovene i 1837) at ein ekstern faktor i form av at folkesuverenitetsprinsippet kom til å

inngå i eit vekselspel med den regionale samfunnsstrukturen. Ut av denne vekselverknaden voks det fram regionale politiske kulturar med ulike karakterdrag. Melle tek her føre seg Sunnmøre spesielt og viser korleis den egalitære samfunnsstrukturen i dette futedømmet gjorde at politisk deltaking reint formelt var mogleg for eit breiare lag i befolkninga enn i andre landsdelar. Kombinasjonen av folkesuverenitetsprinsippet, dei egalitære samfunnsforholda og høg grad av skriftkulturell meistring gav grunnlag for myndiggjering av allmugen. Ei slik utvikling var likevel avhengig av eit samspel mellom aktør- og strukturfaktorar. I eit mikroperspektiv på Volda prestegjeld viser han korleis dei standsoverskridande banda som opplysningspresten Hans Strøm etablerte overfor bønder på slutten av 1700-talet, vart utgangspunktet for eit særreige danningstiljø i bygda. På sikt medverka desse banda til at leiar- og entreprenørrolla i samfunnet gjekk over frå embetsstanden til intellektuelle aktørar mellom allmugen.

Nils Ivar Agøy har drøfta den politiske kulturen i Bratsberg ut frå nokre av dei same perspektiva som Melle legg til grunn for Romsdals amt. Bøndene i Bratsberg var til liks med sine standsbrør på Sunnmøre kjenneteikna ved at skriftkulturell meistring var utbreidd mellom dei, i alle fall dersom ein skal døme ut frå talet på bøker i bondeskifte. Dette inntrykket vert styrkt når ein ser kor få bønder frå dette amtet som skreiv under med påhalden penn i fullmaktene i 1814. Ei rekkje dikt skrivne på bygdemål av telemarksbønder i åra 1813–1815 vitnar dessutan om kulturell sjølvbyggskap. Agøy meiner likevel at desse dikta mest ber preg av tilslutning til politiske budskapar som kom ovanfrå, gjennom offisielle kanalar. I så fall minner det meir om borgaridealet under eineveldet enn om haldninga til sjølvstendige og myndige medborgarar.

På 1800-talet skil Bratsberg seg elles markant frå Romsdals amt på eit viktig område: valdeltaking. Interesse for stortingsval var av den lågaste i landet gjennom store delar av 1800-talet, særleg i landdistrikta. Bøndene makta dessutan i liten grad å samle seg om felles kandidatar i valmannsvala, og samanlikna med andre delar av landet sende ein få bønder til Stortinget i perioden 1815–37. Dette har vore forsøkt forklart gjennom å vise til den sterke eliten innanfor dei borgarlege og kondisjonerte miljøa i amtet, ein elite som på si side hadde sterke band til den nasjonale eliten i Kristiania. Der eliten i Bratsberg var prega av stor grad av endringsvilje, utvikla den politiske kulturen til allmugen seg i isolasjo-

nistisk og innoverskodande retning. Samstundes er den manglande politiske deltakinga uttrykk for ein tillit til øvrigheita (einevaldsmentalitet), og Agøy stiller spørsmålet om kombinasjonen av denne tilliten og ei sterk kulturell sjølvkjensle bør sjåast i samband med lutherdommen sin verknad på djupstrukturane i samfunnet. Han meiner religiøse haldningar kan ha lagt til rette for eit positivt syn på staten på eit overordna nivå, men ytrar også skepsis til i kva grad lutherdom kan nyttast til forklaringar på regionalt nivå.

Telemark utgjer ein interessant kontrast til Sunnmøre når det gjeld den politiske kulturen på 1800-talet. Dersom ein skal følge Agøy og Melle i deira resonnement, utvikla det seg svært ulike politiske kulturar mellom allmugen i dei to regionane. Den politiske haldninga mellom allmugen i Bratsberg var langt ut på 1800-talet kjenneteikna av kontinuitet attende til einevaldstida, noko som står i motsetning til kva folkesuvereniteten skulle få å seie på Sunnmøre. For Sunnmøre framstår såleis 1814 som eit viktigare skilje enn for Bratsberg. Rett nok gav hendingane i 1814 (og 1837) berre retning til ei utvikling som hadde starta allereie på slutten av 1700-talet, men omdefineringa av den politiske kulturen på riksnivå i 1814 fekk likevel avgjerande konsekvensar for sunnmøringane som politiske aktørar.

Skilnadene mellom dei to regionane kan kome av ulikskapar i sosial struktur. Bondesamfunnet i Bratsberg var i mindre grad enn Sunnmøre eit egalitært samfunn. Husmannsklassa var større, og den delen av befolkninga som kunne delta i politiske val lågare. Avstanden til den sosioøkonomiske eliten var også meir markert. Ei slik slutning vil vere i tråd med den rolla Melle tilskriv den egalitære strukturen på Sunnmøre i forhold til den politiske kulturen. Men det er likevel eit paradoks at Agøy finn det tydelegaste uttrykket for den tradisjonsbundne politiske kulturen i dei øvre delane av Bratsberg, det vil seie i dei mest egalitære områda i amtet.

### **Patriotisme før 1814**

Fleire av artiklane i denne antologien løfter fram døme på nedteikningar med patriotisk innhald som har sitt opphav i tida før eller rundt 1814. Både i Bratsberg og på Nordvestlandet finn ein litterære produkt førte i pennen av bønder. Tvinnereim byggjer artikkelen sin på tre lokale kjel-



der frå Nordfjord og Sunnmøre som alle fortel om opplevingar til soldatar frå Nordvestlandet under krigshandlingane på svenskegrensa i 1808. I alle kjeldene finst ein kombinasjon av norsk patriotisme og kongetruskar utan nemneverdig kritisk distanse til sjølve krigen. Dette er haldningar som ein også finn i fleire av adressene frå dei tre amta i 1814, sjølv om langt frå alle inneheld patriotiske hyllingar av Kristian Fredrik.

Agøy omtalar i sin artikkel to telemarksbønder som skreiv patriotiske dikt både før og etter dei politiske omveltingane i 1814. Innhaldet i dikta viser ei talande omvending når det gjeld politisk tendens. Der dei tidlege dikta inneheld harde åtak på Sverige og svenskekongen, understrekar dei seinare dikta fellesskapen mellom Noreg og Sverige, samstundes som Karl Johan vert æra og hylla. Sjølv om ein skal vere varsam med å drage generelle slutningar på grunnlag av eit fåtal dikt, tyder døma frå Telemark på at ein kunne handsame politiske preferansar på ein ganske så tilpassingsdyktig måte innanfor rammene av patriotismen som mentalitet og meiningsunivers.

Det er vanleg å sjå på patriotisme som ein idéstraum som fekk fotfeste i delar av samfunnseliten på slutten av 1700-talet. Kjeldene som vert nytta i dei nemnde artikkane, tyder på at patriotismen som tankegods også var utbreidd i delar av allmugen, og slik sett kan ein tale om ei form for kulturoverføring på tvers av sosiale skiljelinjer. Idéhistorisk hadde patriotismen i Noreg henta element frå opplysningstida, og patriotismen var oppmuntra frå statsmakta i København. Førestellingar om nordmenn sine særtrekk som folk var likevel også ein del av patriotismen, og desse særtrekka vart i stor grad forbundne med den frie norske odelsbonden.<sup>43</sup> Dette var ikkje utan vidare ein romantisk konstruksjon, men uttrykk for sosiale og juridiske eigenskapar ved norske bønder. Vektlegginga av sjølvstende og fridom som konstituerande trekk ved norske bønder innebar dessutan at viktige opplysningsverdiar var nedfelte i biletet av den norske bonden. Dei patriotiske førestillingane om den norske bonden kunne såleis vekkje resonans i bondesamfunnet, samstundes som det opna eit politisk rom for bonden som aktiv medborgar i det norske samfunnet.

43. Sørensen 1998: 24.



## Oppsummering

I ei utgreiing om norsk identitet før 1814 har historikaren Kåre Lunden uttalt at det var bortimot utenkjeleg at norske bønder *ikkje* var engasjerte i det som hende i 1814.<sup>44</sup> Stadfestar arbeidet med 1814 i Telemark og på Nordvestlandet Lunden sin karakteristikk? Dersom ein avgrensar fokuset til dei handlingane som gjekk føre seg innanfor bygdesamfunna eller på distriktsforsamlingane i kvar av amta, viser artiklane i denne boka at ein har vanskar med å finne kjelder som har utsegnskraft når det gjeld å vurdere politisk engasjement. Dette er ei openberr innsnevring av mogleheitene for å presentere ein eintydig konklusjon om bøndene si rolle i 1814.

Samstundes dokumenterer kjeldene grundig at svært mange, og iallfall dei fleste røysteføre bøndene, vart involverte i eidsavlegginga og valet til riksforsamlinga om våren. Mange var òg involverte i valmannsvala sommaren 1814 og på nyåret 1815. Med det vi veit om frammøte ved vala og valprosessen, må vi kunne rekne det for temmeleg sannsynleg at det var eit politisk engasjement kring vala iallfall i ein del av bygdene sjølv om det ikkje er direkte dokumentert i kjeldene. Førekomsten av dokumenterte konflikhtar i somme av bygdesamfunna underbyggjar også at det eksisterte lokalt engasjement kring viktige saker. Men det er òg grunn til å tru at engasjementet har vore ujamt fordelt og avhengig av den lokale konteksten, slik politisk engasjement også seinare har vore.

Arbeidet med denne boka har styrkt oss i trua på at det *er* mogleg å kome nærare det lokale politiske engasjementet og danninga av lokale politiske kulturar kring 1814 trass i eit sparsamt kjeldetilfang, og vi ser ingen andre vegar til ytterlegare kunnskap om dette enn endå fleire og endå grundigare empiriske granskingar på lokalt og regionalt plan. Det er dessutan berre på denne måten ein fullt ut kan realisere kunnskapspotensialet som ligg i komparative tilnærmingar i analysen av lokale og regionale politiske kulturar. I forlenginga av dette prosjektet om Nordvestlandet og Telemark peikar nokre sentrale emne seg ut for framtidige studiar andre stader i landet:

- Vala og valprosessane våren og hausten 1814
- Undersøkingar av valmenn og dei som underskreiv adresser og fullmakter

44. Lunden 1992: 108.

- Eidsavlegging på tinga til Grunnlova frå og med sommaren 1814
- Deltaking i dei politiske prosessane
- Førekomsten av og grunnlaget for elitestrukturar i bondesamfunnet
- Mobilisering av nettverk innanfor lokalsamfunn eller regionar, til dømes haugianarar
- Samtidige konflikhtar innanfor by- og bygdesamfunn, til dømes mellom bønder og øvrigheit
- 1814 i urbane kontekstar
- Lokale representantar på Eidsvollsforsamlinga og på Stortinget

Alt i alt var deltakinga til bøndene i 1814 prega av å vere med påhalden penn. Det var andre som førte pennen i 1814, embetsmenn og overklasse, medan bøndene langt på veg følgde med på lasset. På den andre sida var det likevel ikkje berre slik. Bøndene blei integrerte i ein prosess der dei også var deltakarar. Rett nok ikkje i fremste rekkje, men likevel. Det eksisterte også elitestrukturar i bondesamfunnet som blei mobiliserte i 1814, og personar frå bondesamfunnet kunne gjere seg gjeldande, sjølv mellom dei store herrane i riksforsamlinga. Framfor alt vart det lagt eit grunnlag for vidare deltaking. Det skjedde ingen revolusjon i tilhøvet mellom samfunnssklassane verken i 1814 eller åra som følgde, men grunnlaget vart lagt for eit folkestyre der også bøndene skulle finne sin plass.

### Litteratur

Bergsgård, Arne, Valadressene til Christian Frederik, i *Historisk tidsskrift*, 33, 1943–1946.

*Bibla Det er den gandske Hell. Skriftes bøger ved Hs. kongelige majestæts vor allernaadigste arve-herres kong Christian den syvendes omsorg, med fliid og efter grund-texten efterseete og rettede, saa og med mange paralleler og udførlige summarier forsynede*, Det Kongelige Waysenhuses Bogtrykkerie, København 1787.

Bolstad, Gunnar, «Der blev dygtig politiseret...» *Politisk kulturdannelse i Øvre Telemark rundt 1814*, masteroppgåve i kultur møte, Høgskulen i Volda 2010.

- Bolstad, Gunnar, *Politisk kulturdannelse i Bratsberg amt*, Notatserien nr. 17, Høgskulen i Volda 2011.
- Christian Frederik [omsett av Jan Jørgen Alnæs], *Christian Frederiks dagbok frå 1814*, Oslo 1954.
- Dyrvik, Ståle, *Året 1814*, Oslo 2005.
- Dyrvik, Ståle, *Norsk historie 1536–1814. Vegar til sjølvstende*, Oslo 2011.
- Fet, Jostein, *Lesande bønder. Litterær kultur i norske allmugesamfunn før 1840*, Oslo 1995.
- Gjerdåker, Brynjulv, *Statstenestemann og «Almuens Formand». Lensmannsombod og lensmenn i det nordafjelske Noreg, ca 1660–1870*, Trondheim 2011.
- Gullberg, Jakob, *Sjølvstendeeiden i 1814*, hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Bergen 1986.
- Hommerstad, Marthe, Bonden og stemmeretten – embetsmennene og synet på bøndene, i Hilde Sandvik (red.), *Demokratisk teori og historisk praksis. Forutsetninger for folkestyre 1750–1850*, Oslo 2010.
- Hommerstad, Marthe, *Politiske bønder. Bondepolitikken og Stortinget 1815–1837*, doktoravhandling, Universitetet i Oslo 2012.
- Hyvik, Jens Johan. «Fædrelandske Ideer». *Jacob Aalls nasjonsforståelse 1799–1814*. Med en innledning av J. Peter Burgess. Kristiansand 2003.
- Ihalainen, Pasi og Michael Bregnsbo, Karin Sennfelt og Patrick Winton, *Scandinavia in the age of revolution. Nordic political cultures, 1740–1820*, Surrey 2011.
- Kuhnle, Stein, Stemmeretten i 1814. Beregninger over antall stemmerettskvalifiserte etter Grunnloven, i *Historisk tidsskrift* (nr. 4), 1972.
- Jæger, Tycho C., Valgene til riksforsamlingen, i *Historisk tidsskrift* (3), 1916.
- Koht, Halvdan, Fridomsgjerningi paa Eidsvoll, i *Eidsvoll 1814*, Kristiania 1914.
- Lindstøl, Tallak, *Stortinget og Statsrådet 1814–1914*, bd. 2, Kristiania 1914
- Lunden, Kåre, *Norsk grålysing. Norsk nasjonalisme 1770–1814 på allmenn bakgrunn*, Oslo 1992.
- [Myhre, Elin]. *Bibliografi 1814 – sett nedenfra*, upublisert manuskript, Oslo 2013.
- Knut Mykland, *Kampen om Norge 1784–1814*, i *Norges historie*, bd. 9,

- Oslo 1978.
- Nielsen, Yngvar, *Christian Frederik og valgene til Eidsvoldsforsamlingen*, Kristiania 1915.
- Olafsen, Arnet og Kr. Birch-Reichenwald. *Riksforsamlingens Forhandlinger. Adresser og Fuldmagter. 2. del*, Kristiania 1914.
- Pryser, Tore, *1814 i Oppland. Bønder, øvrighet og soldater*, Oslo 2013.
- Rian, Øystein, *Embetsstanden i dansketida*, Oslo 2003.
- Rokkan, Stein, Geografi, religion og samfunnsklasser: Kryssende konfliktlinjer i norsk politikk, i *Stat, nasjon, klasse. Essays i politisk sosiologi*, Oslo 1987.
- Sandvik, Hilde (red.), *Demokratisk teori og historisk praksis. Forutsetninger for folkestyre 1750–1850*, Oslo 2010.
- Seip, Jens Arup, *Teorien om det opionionsstyrte enevelde*, Oslo 1958.
- Sennefelt, Karin, *Den politiska sjukan. Dalupproret 1743 og frihetstida politisk kultur*, Uppsala 2001.
- Steen, Sverre. *1814*, i *Det frie Norge*. Oslo 1951.
- Stråth, Bo, *Union og demokrati. Dei sameinte rika Noreg-Sverige 1814–1905*, Oslo 2005.
- Sørensen, Øystein (red.), *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk identitet på 1800-tallet*, Oslo 1998.
- Sørensen, Øystein, Kampen om Norges sjel, 1770–1905, i *Norsk idehistorie*, bd. 3, Oslo 2001.
- Vandraas, Hanne Flørenes, *Enige og tro til Dovre faller? En historisk undersøkelse av de politiske hendelsene i Nordland i 1814–1815*, masteroppgave i historie, Universitetet i Oslo 2008.
- Øidne, Gabriel, Litt om motsetninga mellom Austlandet og Vestlandet, i *Syn og segn*, 1957.